



# Forskrift om skulerute 2026-2027 - Bokn kommune

**Heimel:** Fastsett av kommunestyret [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

## § 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved grunnskulen i Bokn kommune skuleåret 2026-2027.

## § 2. Tabell for skuleruta 2026-2027

<b>2026</b>		<b>Elevdagar</b>
August	Skulestart for elevane måndag 17.08	11
September	Elevfri måndag 21.09 (planleggingsdag)	21
Oktober	Haustferie 05. - 09.10 (veke 41)	17
November	Elevfri fredag 13.11 (planleggingsdag)	20
Desember	Siste skuledag før juleferie måndag 21.12	15
		<b>84</b>
<b>2027</b>		
Januar	Oppstart etter juleferie tysdag 05.01 Elevfri måndag 18.01 (planleggingsdag)	18
Februar	Vinterferie 15. - 19.02 (veke 7)	15
Mars	Påskeferie 22. - 29.03 (veke 12) Oppstart etter påskeferien tysdag 30.03	17
April		22
Mai	Elevfri torsdag 06. (Kr.himmelf.), fredag 07., måndag 17. (2. pinsedag), tysdag 18. (planleggingsdag)	17
Juni	Siste skuledag onsdag 23.06	17
		<b>106</b>
Sum skuledagar		<b>190</b>

### **§ 3. Datoar**

Det er fastsett i opplæringslova § 14-1 første ledd at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Det treng ikkje å vere 38 veker samanhengande opplæring, og det treng ikkje å vere opplæring alle dagane i veka. Kravet i lova inneber at elevane skal ha minimum 190 skuledagar. Det må vere skuledagar på dagar der det skal gjennomførast nasjonale prøver og eksamen.

### **§ 4. Ikraftsetjing**

Forskrifta gjeld frå 01.08.2026 – 31.07.2027